

---

**Saksnr:** 2023/33304-3**Saksbehandlar:** Bjørnar Tjoflot

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		25.04.2023
Fylkesutvalet		02.05.2023

## Høyringsuttale til NOU 2023: 3 - Mer av alt - raskere

### Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune er samd med skildringa i «Meir av alt – raskere» av utfordringane vi har og får i kraftsystemet vårt m.o.t. nettkapasitet, regelverk og kraftunderskot.
2. Vestland fylkeskommunen er samd med tiltaka frå energikommisjonen som gjeld energieffektivisering og ynskjer ei reell satsing på dette, då det kan redusere behovet for ny utbygging noko. Verkemidla som nyttast må gjere energieffektivisering mogeleg å gjennomføre både for breidda av verksemder og innbyggjarar.
3. For å oppnå energieffektiviseringspotensialet ute i kommunane er det viktig at det vert ein sosial profil på eventuelle tilskot. Kommunar må kunne få støtte til oppdatere kommunale bustader dømmevis.
4. Vestland fylkeskommune er einige i alle tiltaka for auka nettkapasitet i «Meir av alt – raskere». Tiltaka harmonerer i stor grad med innspela frå Vestland fylkeskommune til arbeidet med denne rapporten.
5. Fylkesutvalet ber om at skattar og avgifter knytt til kraftproduksjon frå vind- og vasskraft i større grad må liggja att hjå råka kommunar og fylkeskommunar som opnar for varige naturinngrep, og ikkje fordelast bort gjennom inntekstutjamningssystemet. Energikommisjonen føreslår dette i noko grad, men det er ikkje nok. Fylkeskommunen viser til [vedtak i fylkesutvalet 15.03.2023 om grunnrenteskatt på vindkraft på land](#).
6. Vestland fylkeskommune er einig med alle tiltaka Energikommisjonen føreslår m.o.t. vasskraft, både einstemmige tiltak og tiltaka frå fleirtalet, utanom tiltaket som føreslår utbyggingsavtalar mellom stat og produsent. Slike utbyggingsavtalar må vere mellom stat, produsent og kommune for å sikre lokal forankring.
7. Vestland fylkeskommune viser til tidlegare vedtak om vindkraft på land frå fylkesutvalet [08.03.2023](#) om at kommunane si rolle i utbygginga av vindkraft på land må styrkast, og [15.03.2023](#) om at grunnrenteskatt må i større grad enn regjeringa føreslår gå til vertskommunar og -fylke. I tillegg viser fylkesutvalet til vedtak i fylkestinget 09.06.2020, som seiar at "Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak...»

8. Fylkestinget hadde fleire innspel til energikommisjonen om havvind 22.06.2022. Energikommisjonen sine forslag er i tråd med desse, men Vestland fylkeskommune vil likevel påpeike at Havvind gjev størst verdiskaping for Noreg om den etablerast utom kysten av Vestland. Det er førespegla stor forbruksauke i ytre deler av Vestland. Ilandføring av kraft her utløyser eit stort verdiskapingspotensial i regionen og landet.

9. Fokuset på sosial berekraft i høve energiomstillinga må aukast. Dette blir viktig for å sikre forståing og aksept av dei prosjekta som måtte komme av ny fornybar energiproduksjon. Vestland skal vere ein pådrivar for ei rettferdig omstilling til det beste for innbyggjarane i dag og i framtida, det gjeld også energiomstilling. Dette må vere eit mål for regjeringa også.

## Samandrag

OED har sendt Energikommisjonen sin rapport «Mer av alt – raskere» på høyring. Rapporten inneheld ulike forslag til tiltak for å sørge for framleis tilgang på rein og rimeleg kraft til industri og forbrukarar. Ein føresetnad i arbeidet har vore at Noreg framleis skal ha kraftoverskot, og at vi skal nå klimamåla for 2030 og 2050. Rapporten skildrar m.a. tiltak for meir effektiv og fleksibel energibruk, auka kraftproduksjon, raskare og betre saksgang, auka nettkapasitet og organisering for komande utfordringar i kraftmarknaden og forsyningstryggleiken. I tillegg vurderast kommunane si rolle og vegval framover. Departementet ber om Vestland fylkeskommune, og dei andre høyringsinstansane, sitt syn på kommisjonen sine vurderingar og forslag. Fylkesutvalet vedtek høyringsuttala i denne saka.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Bård Sandal**  
avdelingsdirektør  
Næring, plan og innovasjon (NPI)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Olje- og energidepartementet (OED) har sendt Energikommisjonen sin rapport NOU 2023: 3 «Mer av alt – raskere» på høyring. Utvalet leverte sin rapporten til OED 1. februar 2023.

Energikommisjonen vart oppnemnt 11. februar 2022 for å kartleggje det norske energibehovet og føreslå auka energiproduksjon mot 2030 og 2050.

Rapporten inneheld ulike forslag til tiltak for å sørge for framleis tilgang på rein og rimeleg kraft til industri og forbrukarar. Ein føresetnad i arbeidet har vore at Noreg framleis skal ha kraftoverskot, og at vi skal nå klimamåla for 2030 og 2050. Rapporten skildrar m.a. tiltak for meir effektiv og fleksibel energibruk, auka kraftproduksjon, raskare og betre saksgang, auka nettkapasitet og organisering for komande utfordringar i kraftmarknaden og forsyningstryggleiken. I tillegg vurderast kommunane si rolle og val framover.

Departementet ber om Vestland fylkeskommune, og dei andre høyringsinstansane, sitt syn på kommisjonen sine vurderingar og forslag. Fylkesutvalet vedtek høyringsuttala i denne saka.

Store deler av rapporten er eit reint kunnskapsgrunnlag som skildrar historisk og dagens kraftsituasjon og legg grunnlaget for Energikommisjonen sine tiltak og tilrådingar. Dette saksframlegget går berre inn på sjølve tiltaka og anbefalingane frå Energikommisjonen. Fylkesdirektøren vil likevel påpeike at kunnskapsgrunnlaget i rapporten er godt og faktabasert.

Rapporten legg fram mange tiltak og mange av dei er ukontroversielle. Saksframlegget viser dei fleste tiltaka energikommisjonen einstemmig har lagt fram, i tillegg til nokon fleirtalet av kommisjonen peika på, men kommenterer ikkje alle. Fylkesdirektøren kommenterer temavis tiltaka. Teksten er korta ned for nokre av tiltaka, som hadde meir utfyllande forklaring. Leis heile dokumentet, med alle tiltak og anbefalingar, på denne lenka:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/5f15fcec3143d1bf9cade7da6afe6e/no/pdfs/nou202320230003000dddpdfs.pdf>

Energikommisjonen diskuterer marknaden si rolle i kraftsystemet og legg fram tiltak til utvalet som skal vurdere prisdanning i kraftmarknaden. Desse er ikkje kommentert i saksframlegget då dette nye utvalet sitt arbeid ikkje er på høyring her.

### Energieffektivisering

Energikommisjonen støttar at rolla til NVE innan energieffektivisering tydeleggjerast, og at det er behov for sterkare koordinering av arbeid på tvers av sektorar. Her er ei oversikt over tiltak og anbefalingar knytt til energieffektivisering:

- Det må utarbeidast ein nasjonal handlingsplan for energieffektivisering. Handlingsplanen skal ha et energisystemperspektiv og vise retning. Handlingsplanen skal utgreie korleis energieffektivisering, lokal energiproduksjon, lokale varmekjelder og forbrukarflexibilitet kan bidra til god forsyningssikkerheit for straum. Handlingsplanen skal rettast mot alle sektorar og leggje til rette for sektorkopling. Handlingsplanen skal ha mål og delmål for energieffektivisering, og for varme og fleksibilitet der det er føremålstenleg. Måla må kunne etterprøvast. Handlingsplanen må innehalde ein tiltakspakke/verkemiddelpakke som samla vil sikre måloppnåing og innehalde nye og justerte verkemiddel som er eigna til å nå måla og er retta mot identifiserte barrierar.
- Olje- og energidepartementet si koordinerande rolle i arbeidet med å fremje effektiv og fleksibel energibruk må konkretiserast. Verkemiddel for energieffektivisering er fordelt på fleire departement.
- NVE skal analysere korleis marknadstrendar, marknadsreguleringar og eksisterande verkemiddel bidreg til utvikling i energieffektivitet og forbrukarflexibilitet, og peike på føremålstenleg justering av verkemiddel.
- NVE må følge opp, måle og regelmessig rapportere om resultat innan energieffektivisering og energiflexibilitet i alle sektorar, ikkje berre bygg.

- Enova sitt mandat må endrast slik at det omfattar energieffektivisering for alle sektorar.
- Det må etablerast ei klar rolledeling mot andre verkemiddelaktørar. Resultat og anbefaling om justering skal inngå som grunnlag for regelmessige rapportering til Stortinget.
- Energileiing skal praktiserast i alle industriverksemder.
- Lovforslag om krav til energikartlegging i store verksemder (med energibruk over 5 GWh) som har vore på høyring, bør ferdigstillast og leggjast fram for Stortinget.
- Det bør stillast sterkare krav til både energieffektivisering og varmeutnytting, etablerast frivillige avtalar og innførast sterkare økonomiske verkemiddel.
- Noverande potensial for energieffektivisering i industrien må utgreiast, og kva konkrete barrierar som er til hinder for å utløyse potensiala.
- Energikommisjonen utfordrar kommunane til å vurdere moglegheitene for, og legge til rette for, samlokalisering av industri som har overskotsvarme og industri som har varmebehov, bl.a. gjennom reguleringsplanar, samarbeid med industriaktørar og energiselskap.
- Forslag til endringar i energilova med krav til utredning av lønsemda ved å utnytte overskotsvarme i ny industriverksemd og datasenter må ferdigstiltes og framleggast for Stortinget. Det bør vurderast å innføre krav om at nye industrietableringar som gir overskotsvarme over en gitt energimengde, må gjenvinne denne.
- Det må vurderast om det kan knytast sterkare krav til energiutnytting og -gjenvinning i utsleppskonsesjonar.
- Det bør parallelt utarbeidast forskrifter og en vegleierteneste med prosedyrar som kommunar, industriaktørar, datasenter mv. kan nytte i utredningsarbeidet.
- Enova må også støtte energieffektivisering, og sokalla moden teknologi som ikkje er bedriftsøkonomisk lønsam.
- For å få framdrift i effektivisering av bygningsmassen må det gjennomførast eit nasjonalt effektiviseringsløft for bustadar, fleirbustadhus og yrkesbygg med tiltaksperiode på 7 år (til 2030).
- Energikommisjonen utfordrar bransjen sjølv til å utvikle gode bransjestandardar for energiløysingar som kan nyttas når de gir tilbod om enkelttiltak i bygg. Bransjestandardar må harmonisere med energimerke-, støtte- og finansieringsordningar og taksonomi for berekraftig finans.
- Etablere et kompetanse- og informasjonsprogram som skal gi byggeigarar og byggenæringa nødvendig kunnskap og ferdigheiter, og betre samordne myndigheiter og aktørar med ansvar for bygg, energieffektivisering og energisystem.
- Opprette en prøveordning der handverksbedriftene kan få støtte til å hjelpe kundane med energieffektiviseringstiltak, slik at handverksbedriftene får auka insentiv til å selje inn energieffektive løysningar til huseigarane.
- Raskt innføre energistandardar for byggkomponentar. Standard må tilpassast ulike bygningstypar, og samordnast med energimerke-, økonomiske støtte- og finansieringsordningar samt taksonomi for berekraftig finans.
- Det innførast tydelege og krav som kan etterprøvast til energistandard i yrkesbygg, som blant annet inkluderer minimumskrav til komponentar og bygningsmessige løysningar ved trinnvis rehabilitering.
- Det innførast krav om energirevisjon av alle yrkesbygg med høgt energiforbruk, eller som har energimerke E eller lågare.
- Enova sitt mandat må endrast slik at det omfattar energieffektivisering.
- Det utgreiast krav til offentlege leigetakarar om at dei berre kan leige kontorlokale med energikarakter A og B.
- Det settast eit ambisiøst mål for den årlege rehabiliteringstakten for offentlege bygg.
- Det utviklast marknadsmekanismar som legg til rette for at energisystemet kan gjere nytte av potencialet for fleksibel energibruk i bygg.
- Det utarbeidast en klar definisjon av energieffektive bygg i tråd med krava i EU sin taksonomi, slik at den norske bygg- og eigendomssektoren kan få tilgang på gunstig grøn finansiering.
- Energimerkeordninga for bygg reviderast slik at den kan fungere som eit sterkt og målretta verkemiddel for energieffektivisering av bygg.

- Å gjeninnføre og utvide støtteordningane til energieffektivisering som Enova hadde for næringsbygg og bustadbygg. Ordningane må omfatte tilskot til modne og velprøvde energiltak etter nærmare definerte kriterium.
- Vurdere tidsavgrensa investeringsstøtte eller lån der deler av lånet ettergjevast som tilskot ved gjennomført enkelttiltak med høy energistandard i einestader og fleirbustadhus.
- Skjerping av energikrava for nybygg i byggtknisk forskrift.
- Å endre byggtknisk forskrift slik at den gir insentiv til å ta i bruk varmpumper og andre energieffektive løysningar til oppvarming og solenergi for eigenproduksjon av straum og lagring av energi.

Det er stor usikkerheit knytt til kor stort potensialet er for energieffektivisering i bygg. Kommisjonen meiner det er realistisk med energieffektivisering i storleiken 15-20 TWh innan 2030 samanlikna med energibruken i 2015.

#### Fylkesdirektøren sin kommentar til energieffektivisering

Fylkesdirektøren meiner at energieffektivisering må inngå som ein viktig del av biletet, då det kan redusere potensialet for ny utbygging (noko). Energikommisjonen legg fram mange gode tiltak som fylkesdirektøren er samd med. Likevel burde energikommisjonen løfte opp viktigeita av den sosiale berekrafta meir her.

For å oppnå energieffektiviseringspotensialet ute i kommunane er det viktig at det også vert ein sosial profil på eventuelle tilskot. Kommunar må kunne få støtte til oppdatere kommunale bustader eksempelvis. Det er ikkje alle innbyggjarar som har råd til å dyre energieffektiviseringstiltak, og kanskje bur dei også i leigd bustad, som vidare tek bort insentiv for å investere i t.d. varmpumpe, solcelle eller vassboren varme.

Tiltak som kan få støtte må inkludere eksisterande teknologi, og tiltak som ein gjennomsnittleg innbyggjar kan gjennomføre utan for stor økonomisk belastning.

Det må stillast krav til energieffektivisering og varmeutnytting i industrien for å gjere den grønar enn den er i dag.

Tilskot bør dekke kartlegging (finne ut kvar det kan effektiviserast) og gjennomføring av tiltak. Både tekniske løysingar og byggoppgradering (meir isolasjon og nye glas).

Fylkesdirektøren stiller også spørsmål om det er behov for endring i lovverk slik at det er mogeleg å krevje energieffektive løysingar i plansaker.

Oppsummert for dette tema er ja, meir av alt, inkludert ei reell satsing på energieffektivisering, men også verkemiddel som gjer at dette er mogeleg å gjennomføre både for verksemdar og innbyggjarar.

#### **Fjernvarme, bioenergi og varmpumper**

Energikommisjonen meiner at:

- Kommunane må ta heilskapleg ansvar for å vege kva som er føremålstenleg varmeløysing i ulike område, og ta omsyn til dette når dei vurderer å gjere vedtak om tilknytingsplikt til fjernvarme.
- I områder der det ikkje er fjernvarme, må kommunen forsikre seg om at bygg blir tilrettelagt for andre fleksible oppvarmingsløysingar som bidreg til å styrke kraftbalansen og effektbalansen.
- Reguleringane av fjernvarme må sikre at sluttbrukarane sine interesser blir ivaretatt og at dei opnar for innovative løysingar innan fjernvarmen og basert på andre varmeløysingar. Reguleringa må sjåast i samanheng med krava til fleksible oppvarmingsløysingar i byggtknisk forskrift.
- Energimerkeordning for bygg må utformast slik at den ikkje er i disfavour av utnytting av overskotsvarme og utbreiing av fjernvarme.

#### Fylkesdirektøren sine kommentarar til fjernvarme, bioenergi og varmpumper

Fylkesdirektøren har ingen kommentarar til dette tema, men registrerer at det kan vere ei stor oppgåve for mange kommunar å ta ansvar slik kommisjonen foreslår.

## Vasskraft

Energikommisjonen meiner at:

- Det er viktig at rammeverket, blant anna skattesystemet, legger tilstrekkeleg til rette for investeringar i fleksibilitet, eksempelvis auka effekt og pumpekraftverk.
- I tilfelle der det er behov for eit styrka vern mot flaum, skal det vurderast om flaumvernet kan kombinerast med aukt utnytting av vatn til produksjon av kraft. Det må i så fall ikkje føre til unødvendige naturinngrep.
- Småkraftverk under en viss terskelverdi er fritatt for grunnrenteskattlegging.

Eit fleirtal av Energikommisjonens medlemmer meiner vidare følgjande:

- Ved gjennomføring av vilkårsrevisjonar bør det søkjast å unngå tap av kraftproduksjon og reguleringsevne utan at det går på bekostning av heilt nødvendige forbetringar av miljøtilstanden i vassdraget.
- Det er viktig å sikre god framdrift i arbeidet med vilkårsrevisjonane, at prosessane gjennomførast med god involvering med lokale interesser, og at vassdraga sikrast ei betra økologisk tilstand i tråd med vassforskrifta. Dette vil vere viktig ikkje berre for naturmiljøet men også for konsesjonæren.
- Staten må inngå ein frivillig avtale med vasskraftprodusentane med målsetting om å bygge ut 7 TWh innan 2030. Slike avtaler mellom myndigheiter og industrien har historisk vore vellukka. Staten må i avtalen sikre at saksbehandlinga av konsesjonar og nett gjer ei slik utbygging mogleg.

Det er stor usikkerheit knytt til kor stor auke i vasskraftproduksjon som er mogleg, men kommisjonen ser det som realistisk med en produksjon av vasskraft som er 5-10 TWh høgare i 2030 enn det vi har i dag.

### Fylkesdirektøren sine kommentarar til tiltak for vasskraft

Regulerbar vasskraft er, og har vore, det store konkurransefortrinnet til Vestland. Fleire av dei store inngrepa framsynte utbyggjarar gjorde i vestlandske vassdrag, har vore med på å sikra hjørnesteinsbedriftene mange lokalsamfunn er avhengige av i dag. Vi ser i dag at kunnskapsgrunnlaget som låg til grunn for prosessane rundt dei tidlege utbyggingane var svært svakt samanlikna med det vi har i dag. Dette er naturleg, og mange av dei utbyggingane som har vore gjort har vore eller skal gjennom vilkårsrevisjon med mål om å modernisera konsesjonsvilkår for å auka miljøstandarden i dei regulerte vassdraga våre.

Vidare arbeid med vasskrafta i Vestland må leggja miljøkvalitet til grunn. Innan dei rammene er det mykje som tyder på at det er potensial for å betre nytta vasskraftressursane vi har i Vestland. Det er brei politisk semje om at det er viktig å leggje til rette for og satse på å oppruste eksisterande vasskraftanlegg. Fylkestinget spela inn følgjande til energikommisjonen i vedtak i fylkestinget [22.06.2022](#):

- «Vestland fylkeskommune ber om at det vert satsa vidare på vasskraft. Det er viktig både med opprusting og utviding av eksisterande kraftverk og å sjå på moglegheitene i nye anlegg. Nye utbyggingar bør vurderast blant anna i kombinasjon med flaumdemping.»

Ut frå dette ser vi at Fylkestinget i stor grad er einig med tiltaka Energikommisjonen føreslår, både einstemmige tiltak og tiltaka frå fleirtalet. Det er berre det siste tiltaket fleirtalet føreslår fylkeskommunen ikkje har diskutert politisk til no. At staten skal inngå avtalar med vasskraftprodusentar om utbygging av vasskraft kan vere eit godt tiltak, men fylkesdirektøren er usikker på om denne framgangsmåten vil sikre lokal forankring godt nok. Difor føreslår fylkesdirektøren at ev. utbyggingsavtalar må vere mellom stat, produsent og kommune. Fylkeskommunen bør og koplast på i ei slik avtale.

### Nettkapasitet

Det er store utfordringar i Vestland i dag knytt til for dårleg kapasitet i kraftnettet. Mange aktørar som ynskjer å bidra i det grønne skiftet har ikkje mogelegheit til dette. Dette gjeld både aktørar som ynskjer å produsere meir fornybar energi og aktørar som ynskjer å auka kraftforbruket sitt.

Kommisjonen viser til at tilgang på nett er den viktigaste utfordringa for nyetablering av industri.

Energikommisjonen føreslår følgjande tiltak for å auke nettkapasiteten i Noreg:

- I område med eksisterande infrastruktur, og andre forhold ligger til rette for auka industriforbruk og kraftproduksjon, kan utbygginga av nettet kome før konkrete forbruksplanar har materialisert seg. Det må vurderast korleis nettselskapa skal velje område og prioritere mellom kundar, samt korleis investeringane skal finansierast som ordinær del av nettleiga.
- Moglegheitene for innmating av kraftproduksjon må inngå i et nasjonalt kapasitetskart, jf. Straumnettutvalet si anbefaling om å etablere et slikt kart.
- Kriterium for samfunnsmessig tyding som basis for prioritering av behandlinga av søknadar om nettilknytning må etablerast.
- Det må innførast krav om at nettselskapa må utgreia om auka overvaking av nettet i kombinasjon med forbrukarflexibilitet og ny teknologi kan dekkje det same behovet som tradisjonell oppgradering av nettet i et område, slik Storbritannia innfører frå 2023.
- For raskt å kunne møte venta forbruksvekst bør det vurderast om nettselskapa kan ta større risiko ved å redusere krava til reserve (N-1), slik at de kan tildele meir kapasitet til kundane utan å byggje ut nye anlegg. Saman med bruk av ny teknologi til overvaking av nettet og tilknytning med vilkår om utkopling eller avgrensing av kundar sitt forbruk eller produksjon vil dette gjere at kapasiteten i eksisterande straumnett kan utnyttast betre.

I tillegg meiner eit fleirtal av energikommisjonen følgjande:

- Gjeldande nettregulering må vurderast med føremålet at reguleringa i langt større grad gjev insentiv til utbygging. Det kan vere verdt å sørge for at nettstrukturen i større grad byggjast ut i forkant enn i etterkant av tryggleik for etterspurnad og produksjon.
- Statnett sitt mandat må tydeleggjerast for å understøtte overordna samfunns mål slik at dei kan liggje i forkant med nettinvesteringar.

#### Fylkesdirektøren sine kommentarar til tiltak m.o.t. nettkapasitet

Fylkesdirektøren ser positivt på innspela frå energikommisjonen m.o.t. kraftnettet. Fleire av innspela harmonerer med fylkeskommunen sine tidlegare innspel til energimeldinga til stortinget 2020, straumnettutvalet og til arbeidet til energikommisjonen.

Fylkesdirektøren støttar alle tiltaka, men er noko skeptisk til ordlyden i det fyrste punktet fleirtalet var samde om. Det er skal ikkje vere eit mål i seg sjølv å byggje ut nett. Det er bra at nettutbygging skjer før forbruket kjem, men det må vere gjort sannsynleg at det faktisk kjem eit forbruk på ein eller annan måte. T.d. kan prosjekt som Grøn region Vestland liggja til grunn når vi spår kva forbruk vi må ta høgde for framover.

#### Endringar i skattar og avgifter knytt til kraftproduksjon

Energikommisjonen meiner det er tre overordna prinsipp som må ligge til grunn for skatte- og avgiftspolitikken:

- For det første bør den i størst mogleg grad utformast slik at den ikkje hindrar samfunnsøkonomisk lønsame investeringar, både i meir energi, meir effekt og meir fleksibilitet.
- For det andre må den spegle faktumet at kraftsektoren haustar av våre felles ressursar, og difor må bidra til fellesskapet gjennom m.a. særskilt skattlegging. For vasskraft og vindkraft på land, som begge normalt er lønnsame teknologiar, kan ein nytte nøytrale skattar som ikkje svekker insentiva til å investere i fornybar kraftproduksjon.
- For det tredje må den gi føreseielegheit. Investeringar i fornybar kraft krev langsiktigheit, noko som betyr at på det tidspunktet avgjersla om investering takast, må produsentane ha stor grad av trygghet for kva skatte- og avgiftssystem som vil gjelde på lang sikt. Heile kraftskatteregimet må gjennomgåast og forankrast breitt politisk.

#### Fylkesdirektøren sine kommentarar til endringar i skattar og avgifter knytt til kraftproduksjon

Forslaga frå energikommisjonen er i noko grad i tråd med fylkeskommunen sitt syn skattar og avgifter knytt til kraftproduksjon, ut frå [vedtak i fylkesutvalet 15.03.2023](#). Likevel peika fylkesutvalet i

vedtaket på at skattar og avgifter i større grad må liggja att hjå råka kommunar og fylkeskommunar som opnar for varige naturinngrep, og ikkje fordelast bort gjennom inntekstutjamningssystemet.

### Vindkraft på land

Energikommisjonen skriv at vindkraft på land gjev høg vinterproduksjon, men er ikkje regulerbar. Det er den produksjonsforma som har lågast kostnadar per produsert kWh, og som kan ha kort realiseringstid, spesielt samanlikna med havvind.

Med denne skildringa meiner kommisjonen at vindkraft kan spele ei sentral rolle for å halde på eller betre kraftbalansen fram mot 2030. Dei viser til utfordringar knytt til natur og lokal aksept og legitimitet, som kan bremse eller stoppe ei satsing.

For Vindkraft på land meiner kommisjonen at vi må jobba vidare med følgjande:

- Arbeidet med å gje vertskommunane auka innflytelse i vindkraftsaker gjennom plan- og bygningsloven må ferdigstillast.
- Potensialet for nærvind bør utgreiast. Det gjelder mindre anlegg, t.d. langs større vegar, i industriområde eller område der vi tenkjer anlegg har mindre miljøverknadar enn anlegg som byggjast i urørte områder. Aktuelle nærvindprosjekt bør mobiliserast raskt, slik at dei kan bidra til å dekkje behovet for ny fornybar kraft i 2030.
- Kommunen må ha økonomiske fordelar som gir grunn til å si ja til utbygging. Her er grunnrenteskatt eit verktøy å nytte.
- Kommunar bør vere meir proaktive i å leggje til rette for vindkraft på overordna nivå. Det kan skje gjennom bruk av kommuneplanens arealdel til planlegging av eigna lokasjonar for vindkraft. Ein godkjend arealplan kan bidra til konfliktavklaring, meir føreseielegheit for utbygjarar og meir effektiv konsesjonshandsaming.

Kommisjonen trekkjer fram at det er stor usikkerheit knytt til kor stor auke i vindkraftproduksjon som er mogleg, men dei ser det som realistisk med vindkraftproduksjon i storleiksordning 5-10 TWh høgare i 2030 enn det vi har i dag.

### Fylkesdirektøren sine kommentarar til vindkraft på land

Potensialet kommisjonen peikar på for auke i vindkraftproduksjon på land tilsvarar 7 til 14 nye Guleslettene-anlegg eller 11 til 23 Midtfjellet-anlegg.

Fylkesdirektøren viser til vedtak i fylkesutvalet [08.03.2023](#) om at kommunane si rolle i utbygginga av vindkraft på land må styrkast, og [15.03.2023](#) om at grunnrenteskatt må i større grad enn regjeringa føreslår gå til vertskommunar og -fylke.

Sjå i tillegg vedtak i fylkestinget 09.06.2020, som seiar at "Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak...»

### Havvind

Kommisjonen meiner at:

- Det er viktig å komme raskt i gang med utbygginga av havvind. Botnfast havvind, som på Sørlege Nordsjø II, er moden teknologi, har relativt låge kostnadar og kan etter kvart byggast ut på rent kommersielle vilkår. Dei første prosjekta vil ha større usikkerheit og ha høgare kostnadar. Dei må derfor få langsiktige avtaler, f.eks. i form av differansekontrakter, som avlastar investeringsrisiko.
- Det må leggjast ein langsiktig og heilskapleg plan for vidare utvikling av havvind og havnett i Noreg for å gi retning til forvaltninga, nødvendig internasjonalt samarbeid og føreseielegheit for bransjen. Planen må ta høgde for ei omfattande utbygging på sikt, bl.a. ved å:
  - o Planlegge for ilandføring i Norge i samanheng med nettet på land og legge til rette for ei framtidig tilknytning til eit havnett i Nordsjøen.
  - o Avklare kvar det skal byggjast og i kva rekkefølge, og kvar store volum av både botnfast og flytande havvind det er ønskeleg å legge til rette for.



- Klarlegge viktige rammevilkår som f.eks. tildelingskriterium og -prosess, prissettingsregime, nettkostnader og andre vilkår.
- Viss ein skal få til ei storstilt utbygging av havvind, må staten ta ansvar for å raskt sette inn meir ressursar til heilskaplege naturkartleggingar av norsk sokkel før nye områder opnast. Konesjonsprosessane må ta omsyn til eksisterande underlag frå tidlegare kartleggingar og analyser gjennomført i andre samanhengar for å unngå at prosessane tar lengre tid enn nødvendig på de områder som er under vurdering.
- Det må leggjast til rette for utbygging av havvind langs hele kysten.
- Flytande havvind, som på Utsira Nord, har høgare kostnader og er ein meir umoden teknologi. Dei første prosjekta vil krevje støtte frå staten. Prosjekter som kan komme raskt i gang bør prioriterast.
- Differansekontrakter er et nødvendig verkemiddel i første fase av havvindutbygginga. For å sikre ei kostnadseffektiv utbygging, bør differansekontraktene tildelast gjennom konkurranse, noko ein har gode erfaringar med i Storbritannia.
- Det bør i samarbeid med arbeidslivets partar takast eit initiativ som legg til rette for at norsk leverandørindustri kjem i ein posisjon til å vinne kontraktar om havvindutbygging.

Energikommisjonen meiner at det er svært stor usikkerheit om både omfang og tidspunkt for utbygging av havvind i Noreg. Sjølv om rammevilkår raskt avklarast, er det urealistisk at det dei nærmaste ti åra kjem i produksjon betydelege mengder havvind. Men gitt dei områda som er opna, bør det vere eit mål at det innan 2030 er set i produksjon i storleiken 5-20 TWh frå havvind.

#### Fylkesdirektøren sine kommentarar til energikommisjonen sine tiltak for havvind

I utgangspunktet har ikkje fylkeskommunen mynde i havvindsaker, men det er ingen tvil om at havvind utom kysten av Vestland med kabel inntil kysten vil ha positive verknadar for kraftsystemet i Vestland. Fylkestinget hadde følgjande innspel til energikommisjonen om havvind 22.06.2022:

- Vestland fylkeskommune ber om at regjeringa satsar på havvind utom kysten til Vestland.
- Skal Noreg nå måla tildeling av område for 30 GW havvind innan 2040 må dei fyrste prosjekta ta form snarast.
- Utvikling av havvind bør skje i område der havbruks og fiskeriinteresser veg mindre og at omsyn til biologisk mangfald i havet vert vektlagt.
- Havvind gjev størst verdiskaping for Noreg om den etablerast utom kysten av Vestland.
- Det er førespegla stor forbruksauke i ytre deler av Vestland. Ilandføring av kraft her utløyser eit stort verdiskapingspotensial i regionen og landet.
- I tillegg ligg det store areal som nyttast til utvinning av petroleum utom kysten av Vestland. Store deler av denne næringa treng elektrisk kraft for å ta bort utleppspunkta på sokkelen. Dette i tråd med Hurdalsplattforma som seier at sokkelen i størst mogleg grad skal elektrifiserast med havvind.
- Regjeringa må ha mål om installert kraftproduksjon frå havvind i 2030 og 2035 slik at vi tek satsinga på alvor allereie no og vi viser til pågåande prosjekt der ein flytande havvindpark i Vestland planleggjast.
- Vestland fylkeskommune ber vidare om at regjeringa satsar på havvind.

Fylkesdirektøren ser at energikommisjonen anbefalar fleire tiltak som dreg i same retning som politikarane på fylkestinget ynskjer, m.a. med å setta produksjonsmål for havvind.

#### **Solkraft**

For bygningsintegrert solkraft menier Energikommisjonen at:

- Det må utarbeidast en strategi for solkraft på bygg, som omtaler innfasing i kraftmarknaden, byggesaksbehandling, og krav i teknisk byggeforskrift til solkraft på nye og rehabiliterte bygg. Strategien sjåast i samheng med oppgradering av eksisterande bygg og må sikre smart integrering av solkraft i kraftsystemet for en rask og trygg innfasing og utbygging.

- Fleirtallet i Energikommisjonen meiner at strategien må legge til rette for områdeløysingar og deling av lokalprodusert straum og energilagring, der dette ikkje påfører kraftnettet vesentlege ekstrakostnader som må dekkes av andre kundar over nettleien.

Energikommisjonen meiner vidare at:

- Det må vurderast å innføre krav om del eigenproduksjon av energi på nye bygg, med unntaksmoglegheiter.
- Unntak frå søknadsplikt i plan- og bygningsloven for bygg må utvidast til å gjelde fleire bygg og solkraftanlegg.

For bakkemontert solkraft meiner Energikommisjonen at:

- Det må leggjast til rette for etablering av nye, innovative kombinasjonsløysingar for arealbruk som t.d. kombinasjon av karbonbinding med solenergiproduksjon. Etableringa av slike nye løysingar bør understøttast av offentleg finansiert forskning.
- Systemet for konsesjonssøknader for bakkemontert solkraft må forenklast, og kapasiteten til å behandle søknader må aukast. Det bør vurderast om kommunane kan få delegert myndigheit til å godkjenne bakkemonterte solkraftanlegg opp til en viss størrelse.
- Dei langsiktige rammevilkåra, inkludert prinsipp for framtidig skatteregime, må skape føreseielegheit og bidra til at utviklinga kjem i gang raskt.

Det er stor usikkerheit knytt til kor stort potensialet er for utbygging av solkraft dei neste ti åra. Kommisjonen meiner det er realistisk med utbygging i storleiken 5-10 TWh innan 2030.

Fylkesdirektøren sine kommentarar til energikommisjonen sine tiltak for solkraft

Fylkesdirektøren er samd i tiltaka og har ingen vidare kommentarar.

### **Raskare saksgang**

Energikommisjonen støtter Straumnettutvalet sine forslag og meiner fleire av tiltaka kan tilpassast, styrkast, og gjerast gjeldande også for konsesjonsbehandling av søknader om ny kraftproduksjon.

Energikommisjonen meiner at:

- NVE bør oppdatere vegleiarane for konsesjonssaker slik at dei stiller krav til tiltakshavar sit fôrberied og kontakt med råka interesser i forkant av innsending av meldingar og konsesjonssøknader.
- Det må vurderast ei sertifiseringsordning for miljøkartleggingar for å sikre både god kvalitet og legitimitet til kartleggingane.
- Det må innførast prioritert rekkefølge i behandlinga av søknader. Saker som bidrar til betydeleg ny kraftproduksjon og fleksibilitet til kraftsystemet bør prioriterast.
- Konsesjonsprosessen bør tilpassast sakene sine omfang, der det kontinuerleg vurderast om det er mogleg å forenkle myndigheitsbehandlinga, bl.a. med raskare løp for enkle og ukontroversielle prosjekter.
- Det må i større grad etablerast parallelle prosesser gjennom konsesjonsforløpet, for å spare tid.
- Det bør vurderast om tiltakshavar skal gis større ansvar for tidleg konsultasjon, utredningsprogram og høyring i meldingsfasen.
- Det må settast tidsfristar for saksbehandlinga saman med omforeinte framdriftsplanar med søkarane og krav til statusrapportering.
- Det må gjennomførast samordna «pakkebehandling» av fleire søknader innan et avgrensa område eller region der dette er mogleg og hensiktsmessig.
- Saksbehandlarkapasiteten i NVE og OED må styrkes for å unngå kø og unødvendige forsinkelsar i konsesjonsprosessane.
- Krav til detaljplanar for mindre prosjekter og midlertidige tiltak må reduserast.
- Behandlinga av klager på NVE sine konsesjonsvedtak, særleg i dei tilfelle der klaga ikkje innehelde nye, relevante opplysingar, må forenklast.
- Myndigheitene må prioritere arbeidet med å utvikle digitale løysningar og støttesystem til konsesjonsbehandlinga.

- Myndighetene si tidsbruk bør synleggjerast, slik at verknaden av effektiviseringstiltak kan målast, evaluerast og prosessane kontinuerleg betrast.
- Myndighetene bør kontinuerleg vurdere, og eventuelt innføre, forenklingar av saksprosessane der dette ikkje går ut over kvaliteten.
- Fleirtalet i Energikommisjonen, meiner at det overordna målet må vere at konsesjons- og saksbehandling av kraft- og nettutbygging forenklast og strammast opp med mål om å halvere saksbehandlingstida.

#### Fylkesdirektøren sine kommentarar til tiltak for raskare saksgang

Fylkesdirektøren er samd med tiltaka knytt til raskare saksgang og viser til vedteke innspel frå fylkesutvalet til rapporten «Nett i tide» 06.09.2022:

«1. Vestland fylkeskommune er samd med dei skisserte tiltaka straumnettutvalet fremmar som viktige i arbeidet med å betre utviklinga i straumnettet i Noreg i NOU 2022: 6 - Nett i tide. Vestland fylkeskommune ber regjeringa raskt realisere tiltaka straumnettutvalet føreslår i rapporten.

2. Vestland fylkeskommune ber departementet vurdere forskriftsendring som lar nettselskapa prioritere å knyte til nettet aktørar med større potensial for å bidra i det grønne skiftet.

3. Vestland fylkeskommune ber departementet om å sjå på tiltak for å ta ned risikoen nettselskapa i dag har åleine viss dei ynskjer å vere i forkant med nettutbygging. Nettselskapa har ingen insentiv for å ta risikoen for å bygge ut nett før etter at behovet er etterspurt frå kunde. Der er inga belønning for proaktiv åtferd gjennom innteksreguleringa. Departementet bør vurdere om nettselskapa sine KSU-ar tilstrekkeleg dokumenterer komande forbruk, og kan liggje som grunnlag for tidleg kostnadsdekking av både utgreiing og utbygging utført av nettselskapa.»

#### Kommunane si rolle

Kommisjonen meiner at:

- Det er avgjerande at samfunnskontrakten mellom storsamfunnet og råka lokalsamfunn som vår vasskraftshistorie er bygd på, vidareførast. Kommisjonen vil derfor anbefale at det snarast gjerast ein gjennomgang av gjeldande vasskraftregime med sikte på ei kartlegging av kor godt det treff morgondagens vasskraftutbygging sett frå vertskommunane sin ståstad.
- Kommisjonen er positiv til at auka del av inntektene frå vindkraft går til vertskommunar.
- Kommisjonen menier det er positivt at produksjonsavgifta går direkte til vertskommunar, og det er kommisjonens syn at den minst bør oppretthaldast på det nivået som no er foreslått. Produksjonsavgifta må sikrast permanent i lovverket.
- Eit fleirtal i Energikommisjonen meiner at produksjonsavgifta må sikrast indeksregulert kvart femte år for å ikkje miste sin rettmessige verdi i løpet av tildelt konsesjonsperiode, som tiltenkt til vertskommunane frå regjeringa og Stortinget si side ved fastsettinga av produksjonsavgifta.
- Kommisjonen anbefalar at ein fast del på 15 prosent av grunnrenteskatten til staten frå det enkelte vindkraftanlegg skal tilfalla den råka kommunen som stiller sine naturressursar til disposisjon for storsamfunnet.
- Det bør opprettast eit nasjonalt kompetansesenter for kommunane, og det er naturleg at det er brukarfinansiert. Eit større ansvar for kraftutbygging og effektiv og fleksibel energibruk krev kompetente avgjerdstakarar og ein arena for kunnskapsinnhenting og erfaringsutveksling. Eit kompetansesenter kan bidra med støtte i konsesjonsbehandlinga av nye vindkraftverk, planlegging og prosesser knytt til lokal energiutnytting, omgjevnadsvarme, overskotsvarme, samlokalisering av industri og næringsaktørar, samt effektivisering i bygg og i industrien.

#### Fylkesdirektøren sine kommentarar til tiltak knytt til kommunane si rolle

Kommunane må stå sentralt i energiomstillinga vi skal gjennom. Fylkesdirektøren viser til [vedtak i fylkesutvalet 15.03.2023 om grunnrenteskatt på vindkraft på land der fylkesutvalet krev at ein større del av grunnrenteskatten ligg att i vertskommunane.](#)

## Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet fattar vedtak i saka jf. delegeringsreglementet kapittel 7.

## Medverknad

Hovudutval for næring innstiller i saka. Elles har ikkje saka vore innom medverknadsorgan.

## Vurderingar og verknader

### Økonomi:

Det er vanskeleg å seie korleis summen av tiltak vil påverke økonomien i fylkeskommunen og fylket elles, men det er gjort sannsynleg at dei langsiktige økonomiske effektane er positive viss tiltaka gjennomførast på rett måte.

### Klima:

Samla effekt av dei tiltaka energikommisjonen har lagt fram vil kunne ha svært stor positiv innverknad på klima vårt. Effekta av enkelttiltaka vil likevel variere mykje.

Dei nasjonale måle for utsleppskutt ligg til grunn for rapporten, og tiltaka som er skildra skal bidra til at Noreg når dei. Måla til Vestland fylkeskommune er endå meir ambisiøse.

### Folkehelse:

Fylkesdirektøren meiner det manglar fokus på sosial berekraft i rapporten frå Energikommisjonen. Dette er spelt inn i innstillinga frå administrasjonen.

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaka i rapporten frå Energikommisjonen støttar i hovudsak FN sitt berekraftsmål nr. 7 – rein energi til alle. Samstundes vil fleire av tiltaka som anbefalast ha potensial for å ha negative konsekvensar for andre berekraftsmål, i større og mindre grad.

Ein stor del av tiltaka som er skildra i rapporten frå Energikommisjonen støttar opp under visjonen til Vestland, fylkeskommune om å vere nyskapande og berekraftig.

Med vedtak i fylkesutvalet med utbetrande punkt kan regjeringa setja retning for utviklinga av Vestland og Noreg.

## Konklusjon

Fylkesdirektøren er samd med skildringa i «Meir av alt – raskere» av utfordringane vi har og får i kraftsystemet vårt m.o.t. nettkapasitet, regelverk og kraftunderskot.

Regjeringa bør satse hardare på energieffektivisering og -sparing, då det kan redusere behovet for ny utbygging noko. Likevel burde energikommisjonen løfte opp viktigheita av den sosiale berekrafta meir i rapporten, i tillegg til økonomisk berekraft. Verkemidla som nyttast må gjere energieffektivisering mogeleg å gjennomføre både for breidda av verksemder og innbyggjarar.

For å oppnå energieffektiviseringspotensialet ute i kommunane er det viktig at det vert ein sosial profil på eventuelle tilskot. Kommunar må kunne få støtte til oppdatere kommunale bustader dømevis.

Tiltaka for å ta tak i utfordringa vi har m.o.t. kapasiteten i kraftnettet vårt må rullast ut fort.

Skattar og avgifter knytt til kraftproduksjon frå vind- og vasskraft i større grad må liggja att hjå råka kommunar og fylkeskommunar som opnar for varige naturinngrep, og ikkje fordelast bort gjennom

inntekstutjamningssystemet. Energikommisjonen føreslår dette i noko grad, men det er ikkje nok. Fylkeskommunen viser til vedtak i fylkesutvalet 15.03.2023 om grunnrenteskatt på vindkraft på land.

Fylkesdirektøren er samd med tiltaka Energikommisjonen føreslår m.o.t. vasskraft, både einstemmige tiltak og tiltaka frå fleirtalet, utanom tiltaket som føreslår utbyggingsavtalar mellom stat og produsent. Slike utbyggingsavtalar må vere mellom stat, produsent og kommune for å sikre lokal forankring.

For vindkraft på land viser fylkesdirektøren til tidlegare vedtak frå fylkesutvalet 08.03.2023 om at kommunane si rolle i utbygginga av vindkraft på land må styrkast, og 15.03.2023 om at grunnrenteskatt må i større grad enn regjeringa føreslår gå til vertskommunar og -fylke. I tillegg viser fylkesutvalet til vedtak i fylkestinget 09.06.2020, som seiar at "Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak...»

Fylkestinget hadde fleire innspel til energikommisjonen om havvind 22.06.2022. Energikommisjonen sine forslag er i tråd med desse, men Vestland fylkeskommune bør likevel påpeike at Havvind gjev størst verdiskaping for Noreg om den etablerast utom kysten av Vestland. Det er førespegla stor forbruksauke i ytre deler av Vestland. Ilandføring av kraft her utløyser eit stort verdiskapingspotensial i regionen og landet.

Fokuset på sosial berekraft i høve energiomstillinga må aukast. Dette blir viktig for å sikre forståing og aksept av dei prosjekta som måtte komme av ny fornybar energiproduksjon. Vestland skal vere ein pådrivar for ei rettferdig omstilling til det beste for innbyggjarane i dag og i framtida, det gjeld også energiomstilling. Dette må vere eit mål for regjeringa også.

**Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:**

«Alternativ punkt 1

Vestland fylkeskommune er samd med skildringa i «Meir av alt – raskere» av utfordringane vi har og får i kraftsystemet vårt m.o.t. nettkapasitet, regelverk og kraftunderskot».

**Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:**

«Tillegg - Nytt siste punkt

Vestland fylke vil presisere at NOU «Meir av alt - raskare» kan gje inntrykk av at berre ein aukar fornybar kraftproduksjon så fører det automatisk til reduksjon i klimagassutsleppa, ei oppfatning som ein vil rå ifrå. Det er behov for å styre bruken av ny fornybar energi til tiltak som faktisk fører til reduksjon av bruk av fossil energi. Til dømes å nytte havvind til elektrifisering av sokkelen, og ikkje landstraum, eller seie nei til produksjon av kryptovaluta/bitcoin som er svært kraftkrevjande.»

**Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, MDG fram slikt forslag:**

A. «Tillegg – nytt punkt

Vestland fylke meiner ein også bør jobbe vidare med å auke bruken av fjernvarme og bergvarme.»

B. «Alternativt punkt 6

Vestland fylkeskommune er einig med alle tiltaka som Energikommisjon føreslår samrøysta m.o.t. vasskraft, men Vestland fylkeskommune meiner at det er særleg viktig å leggja til rette for auka produksjon av regulerbar vasskraft gjennom modernisering av eksisterande kraftverk, noko som inneber mindre inngrep enn bygging av nye kraftverk og utviding av eksisterande. Ein endra kraftsituasjon kan gjera auka bruk av effektkjøring i vasskraftverka aktuelt. Vestland fylkeskommune ser på det som viktig at det vert stilt miljøkrav til effektkjøring av vasskraftverk, og at det bør utformast nasjonale retningslinjer for effektkjøring. Som vassregionsstyremakt, meiner Vestland fylkeskommune at det er viktig å sikre god framdrift i arbeidet med vilkårsrevisjonane, slik at vassdraga er sikra ein betra økologisk tilstand i tråd med vassforskrifta.

Vestland fylkeskommune er også usamd med tiltaket som føreslår utbyggingsavtalar mellom stat og produsent. Slike utbyggingsavtalar må vere mellom stat, produsent og kommune for å sikre lokal forankring.»

**Avrøysting**

Innstillinga punkt 2-5 og punkt 7-11 vart samrøystes vedteken.

Distad sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Innstillinga punkt 1 vart vedteken mot 4 røyster (H, MDG).

Hammer sitt forslag (B) vart vedteke mot 5 røyster (Frp, H).

Innstillinga punkt 6 vart vedteken mot 5 røyster (H, Frp).

Hammer sitt forslag (A) vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Hammer sitt tillegg (nytt siste punkt) vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

**Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune er samd med skildringa i «Meir av alt – raskere» av utfordringane vi har og får i kraftsystemet vårt m.o.t. nettkapasitet, regelverk og kraftunderskot. Vestland fylkeskommune vil vidare peike på at rapporten ikkje i tilstrekkeleg grad svarar ut problemstillingane rundt krafteksport og korleis sikra rimeleg kraft til industri og forbrukar i eit kraftregime som er knytt til Europiske kraftprisar. Fylkesutvalet deler måla frå Hurdalsplattforma om at rein og rimeleg kraft skal vera ein føremon for norsk industri og bidra til verdiskaping og sysselsetjing. Fylkesutvalet imøteser difor arbeid og konklusjonar frå Prissetjingsutvalet. Dette arbeidet vil kunna få betydning for korleis ein frå Vestland fylkeskommune vektar utbygging av vind og vasskraft opp mot tap av natur og klima framover.

2. Vestland fylkeskommunen er samd med tiltaka frå energikommisjonen som gjeld energieffektivisering og ynskjer ei reell satsing på dette, då det kan redusere behovet for ny utbygging noko. Verkemidla som nyttast må gjere energieffektivisering mogeleg å gjennomføre både for breidda av verksemdar og innbyggjarar.

3. For å oppnå energieffektiviseringspotensialet ute i kommunane er det viktig at det vert ein sosial profil på eventuelle tilskot. Kommunar må kunne få støtte til oppdatere kommunale bustader dømmevis.

4. Vestland fylkeskommune er einige i alle tiltaka for auka nettkapasitet i «Meir av alt – raskere». Tiltaka harmonerer i stor grad med innspel frå Vestland fylkeskommune til arbeidet med denne rapporten.

5. Fylkesutvalet ber om at skattar og avgifter knytt til kraftproduksjon frå vind- og vasskraft i større grad må liggja att hjå råka kommunar og fylkeskommunar som opnar for varige naturinngrep, og ikkje fordelast bort gjennom inntekstutjamningssystemet. Energikommisjonen føreslår dette i noko grad, men det er ikkje nok. Fylkeskommunen viser til [vedtak i fylkesutvalet 15.03.2023 om grunnrenteskatt på vindkraft på land](#).

Det må også først ein skattepolitikk som stimulerar til auka utbygging, fornying av eksisterande kraftverk, og som støtt opp om lokalt og regionalt eigarskap og kraftproduksjon.

6. Vestland fylkeskommune er einig med alle tiltaka som Energikommisjon føreslår samrøysta m.o.t. vasskraft, men Vestland fylkeskommune meiner at det er særleg viktig å leggja til rette for auka produksjon av regulerbar vasskraft gjennom modernisering av eksisterande kraftverk, noko som inneber mindre inngrep enn bygging av nye kraftverk og utviding av eksisterande. Ein endra kraftsituasjon kan gjera auka bruk av effektkjøring i vasskraftverka aktuelt. Vestland fylkeskommune ser på det som viktig at det vert stilt miljøkrav til effektkjøring av vasskraftverk, og at det bør utformast nasjonale retningsliner for effektkjøring. Som vassregionsstyremakt, meiner Vestland fylkeskommune at det er viktig å sikre god framdrift i arbeidet med vilkårsrevisjonane, slik at vassdraga er sikra ein betra økologisk tilstand i tråd med vassforskrifta.

Vestland fylkeskommune er også usamd med tiltaket som føreslår utbyggingsavtalar mellom stat og produsent. Slike utbyggingsavtalar må vere mellom stat, produsent og kommune for å sikre lokal forankring.

7. Vestland fylkeskommune viser til tidlegare vedtak om vindkraft på land frå fylkesutvalet [08.03.2023](#) om at kommunane si rolle i utbygginga av vindkraft på land må styrkast, og [15.03.2023](#) om at grunnrenteskatt må i større grad enn regjeringa føreslår gå til vertskommunar og -fylke. I tillegg viser fylkesutvalet til vedtak i fylkestinget 09.06.2020, som seiar at "Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak..."

8. Fylkestinget hadde fleire innspel til energikommisjonen om havvind 22.06.2022.

Energikommisjonen sine forslag er i tråd med desse, men Vestland fylkeskommune vil likevel påpeike at utvikling av havvind bør skje i område der havbruks- og fiskeriinteresser veg mindre og at omsyn til biologisk mangfald i havet vert vektlagt. Vidare at havvind gjev størst verdiskaping for Noreg om den etablerast utom kysten av Vestland. Det er førespegla stor forbruksauke i ytre deler av Vestland. Ilandføring av kraft her utløyser eit stort verdiskapingspotensial i regionen og landet."

9. Fokuset på sosial berekraft i høve energiomstillinga må aukast. Dette blir viktig for å sikre forståing og aksept av dei prosjekta som måtte komme av ny fornybar energiproduksjon. Vestland skal vere ein pådrivar for ei rettferdig omstilling til det beste for innbyggjarane i dag og i framtida, det gjeld også energiomstilling. Dette må vere eit mål for regjeringa også.

10 Vestland fylke står for omlag 25 prosent av all nasjonal energiproduksjon. Fylkesutvalet støttar framlegget om eit Nasjonalt kompetansesenter for energiproduksjon, og bed om at dette vert lagt til Vestland.

11. Vestland fylkeskommune peikar på at det finns etablerte bølgekraftverk som har eit potensiale som fornybar energikjelder. Verkemidlar for vidare utvikling av bølgekrafta kan med fordel inkludrast i rapporten for å auke kraftproduksjonen.

12. Vestland fylke meiner ein også bør jobbe vidare med å auke bruken av fjernvarme og bergvarme.

13. Vestland fylke vil presisere at NOU «Meir av alt - raskare» kan gje inntrykk av at berre ein aukar fornybar kraftproduksjon så fører det automatisk til reduksjon i klimagassutsleppa, ei oppfatning som ein vil rå ifrå. Det er behov for å styre bruken av ny fornybar energi til tiltak som faktisk fører til

reduksjon av bruk av fossil energi. Til dømes å nytte havvind til elektrifisering av sokkelen, og ikkje landstraum, eller seie nei til produksjon av kryptovaluta/bitcoin som er svært kraftkrevjande.